



BIR

Voss Hardanger

Til eigarkommunane BIR Voss Hardanger

Voss, 13.02.2025

Orientering om ny ordning for tekstilavfall

Frå 01.01.2025 er det gjort ei endring i avfallsforskrifta som pålegg kommunane ansvar for innsamling av tekstilavfall. Dette betyr at innbyggjarane no kan levera øydelagte tekstil til gjenvinningsstasjonane som ein del av den nye innsamlingsordninga.

Hovudfokuset er å redusere forbruket og levere tekstil til ombruk, slik som tidlegare. Gjenbruk er framleis den mest miljøvenlege måten å handtere brukte tekstil på.

Den nye ordninga åleine løyser ikkje det store miljøproblemet som er knytt til tekstilforbruk. Redusert forbruk gir ein langt større miljøgevinst enn både gjenbruk og materialgjenvinning.

Tekstil som framleis er brukbare, bør ein levera til brukbutikkar eller innsamlingscontainere som ein finn på våre gjenvinningsstasjonar. Aktørar som Fretex tar imot reine, heile og tørre tekstil – ofte og med mindre skadar, som manglande knapp, nupper eller små flekkar.

Tekstil som er fuktige, mugne, eller tilgrisa med maling, olje eller andre kjemikalier, skal framleis kastast i restavfallet. Dersom tekstilene ikkje lenger eignar seg til ombruk, men heller ikkje er restavfall, kan dei leverast i den nye innsamlingscontaineren på gjenvinningsstasjonane.

Me er framleis i startfasen med innsamling av tekstilavfall, og det finnes svært få fullverdige eller bærekraftige løyningar for resirkulering av tekstil i Norge. Det skjer heldigvis mykje utvikling i bransjen når det gjeld materialgjenvinning av tekstil, og me forventar betydelege framsteg på dette området framover.

Når det gjeld innlevering, er det i praksis ikkje stor forskjell frå levering av anna avfall til gjenvinningsstasjonen. Brukbare og øydelagte klede skal ikkje blandast, slik at den viktigaste jobben gjer ein heime ved å legge klede som forsatt kan brukast i eigen pose eller sekks og leveре dei gratis i innsamlingscontainer for gjenbruk.


Øydelagte tekstil, holete eller utslitte klede, skal i ein separat pose eller sekks som ein knyter godt og leverer i den nye innsamlingscontianeren for tekstilavfall og vert prisa som anna avfall ved levering.

For at kundeveiledar på mottaket skal kunne sjå kva som vert levert, må alle sekkar og posar vera gjenomsiktige. Prisen for levering av tekstilavfall er dei same som for restavfall. Prisinformasjon finn ein på birvh.no/hushald/prisar

På vår heimeside www.birvh.no vil abonnentane få oppdatert informasjon etter kvart som det er noko nytt å melde.

Ved å sortere avfall, bruke ting lenger og prioritere gjenbruk, bidreg me alle saman til å redusere avfallsmengda og bevare verdifulle ressursar. Me ynskjer god dialog og samarbeid med våre eigarkommunar for å sikra auka sortering og betre miljø for oss alle, ta gjerne kontakt dersom spørsmål eller innspel.

Med venleg helsing


Jon Grønsberg

Dagleg leiar